


Kart til avtale/ høring

Visdalen naturreservat

Lom kommune, Innlandet

 Grense for foreslått verneområde

Målestokk: 1:15 000 i A4

Rutenett: WGS 1984 UTM sone 32



Kartgrunnlag: FKB

Kilde: Kartverket, Geovekst og kommunene

0 200 400 600 800 1 000 m



Kartproduksjon: Statsforvalteren i Innlandet, mars 2026



Forskrift om vern av Visdalen naturreservat, Lom kommune, Innlandet fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon [*dato*] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld bestemt type natur i form av skogbekkekløft med stor variasjon av naturtypar, og bl.a. forekomst av fossesprøytsoner med fosseberg og fosseng.
- b. området har eldre skog uten særleg hogstpåvirkning med skogtyper og artsmangfold typisk for bratte fjellskogbekkekløfter i regionen.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr i Lom kommune: 107/1, 107/44, 108/1, 130/2, 130/4, 130/5, 130/7, 130/8, 131/2 og 131/14

Naturreservatet dekker eit totalareal på 460 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet [*dato*]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Oppistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt

- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. fjerning av vegetasjon langs jordekantar som hindrar maskinbruk på dyrka mark. Vegetasjonen skal bli liggande igjen i naturreservatet

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminar
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- f. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f og § 7 bokstav a, b og d

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

[Navn]er forvaltningsmyndighet etter denne forskriften

§ 12 *Ikraftsettning*

Denne forskrifta trer i kraft straks.